



# VESTNES KOMMUNE

## Administrasjonssjefen

Til tilsette i Vestnes kommune

Dato	Dykkar ref.	Vår ref.	Saksnr.	Saksbehandlar / Tlf
11.09.2013		12895/2013	2013/1000	Tone Roaldsnes 71 18 40 40

### Administrativ rutine for handtering av inhabilitet

Etikk i kommunesektoren har dei siste åra stått høgt på dagsorden. Kommuneforvaltninga skal skape tillit og bygge på ein høg etisk standard, jf. kommunelova § 1. Kommunelova understrekar dette ytterlegare ved å fastslå at kommunen i sin årsrapport skal gjere greie for tiltak som er planlagt eller iverksett for å sikre ein høg etisk standard, jf kommunelova § 48.

Ein høg etisk standard inneber at innbyggjarane skal ha stor tillit til at kommuneforvaltninga opptrer objektivt og uavhengig. Nasjonalt regelverk legg også til rette for dette. M.a. skal reglane om inhabilitet i forvaltningslova og kommunelova bidra til at forvaltningsvedtak blir fatta på objektivt grunnlag, utan påverknad av utanforliggende omsyn.

Som tilsette i Vestnes kommune må vi difor alltid ha habilitetsvurderingar i "bakhovudet". Det er også grunn til å merke seg at det i seg sjølv ikkje er kritikkverdig å vere inhabil. Men det er kritikkverdig dersom ein kommunalt tilsett ikkje seier frå om sine relasjonar til saka og fråtrer ved inhabilitet. Konsekvensen av inhabilitet kan bli at vedtaket blir ugyldig.

### Rutine for vurdering og handtering av inhabilitet:

1. Etter forvaltningslova §8 avgjer ein tilsett sjølv om han/ho er inhabil. Dersom han/ho finn å vere inhabil, eller dersom han/ho er i tvil, skal forholdet takast opp med nærmaste leiar. Utgangspunkt for vurderingane er forvaltningslova §§6-10 og "Veileder for habilitet og inhabilitet i kommuner og fylkeskommuner" (utgitt av Kommunal- og regionaldept i 2011) Veilederen er utlagt på Vestnes kommune sine heimesider under "Organisasjon" – Informasjon til tilsette.
2. Ved inhabilitet skal den tilsette ikkje fatte vedtak i saka, og han/ho skal heller ikkje delta i utgreiinga/saksførebuinga. Han/ho skal heller ikkje delta i interne drøftingar som legg grunnlag for å treffe vedtak i saka.
3. Dersom leiar er inhabil, vert også direkte underordna tilsett inhabil til å treffe avgjerd i saka, og saka skal takast opp med administrasjonssjefen.
4. Dersom administrasjonssjefen er inhabil, vert alle i administrasjonen inhabile til å treffe avgjerd, og saka må leggest fram for politisk behandling.
5. Brot på rutine må rapporterast til administrasjonssjefen som avvik.

---

<b>Postadresse:</b> Rådhuset 6390 Vestnes <a href="http://www.vestnes.kommune.no">www.vestnes.kommune.no</a>	<b>Telefon:</b> 71 18 40 00	<b>Telefaks:</b> 71 18 40 01	<b>Org.nr.</b> 939 901 965
---	--------------------------------	---------------------------------	-------------------------------

E-post:[postmottak@vestnes.kommune.no](mailto:postmottak@vestnes.kommune.no)

## Kva seier lov og rettleiar på dette saksområdet?

Det å avgjere habilitet/inhabilitet kan både vere svært enkelt og svært komplisert.

Fvl § 6, 1.ledd bokstav a til e klargjer forhold som medfører direkte inhabilitet.

Dette kan det vere ukomplisert å forhalde seg til dersom det går klart fram om det dreier seg om eit enkeltvedtak og kven som er part i saka. Ved tvil her kan vi rådføre oss med Fylkesmannen.

*En offentlig tjenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltningssak*

- a) når han selv er part i saken;
- b) når han er i slekt eller svogerskap med en part i opp- eller nedstigende linje eller i sidelinje så nær som søsken;
- c) når han er eller har vært gift med eller er forlovet med eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn til en part;
- d) når han er verge eller fullmektig for en part i saken eller har vært verge eller fullmektig for en part etter at saken begynte;
- e) når han leder eller har ledende stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for
  1. et samvirkeforetak, eller en forening, sparebank eller stiftelse som er part i saken, eller
  2. et selskap som er part i saken. Dette gjelder likevel ikke for person som utfører tjeneste eller arbeid for et selskap som er fullt ut offentlig eid og dette selskapet, alene eller sammen med andre tilsvarende selskaper eller det offentlige, fullt ut eier selskapet som er part i saken.

Noko meir komplisert vert vurderingane når det gjeld skjønnsmessig og indirekte/avleda inhabilitet etter Fvl §6, 2.ledd:

*Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.*

I veilederen heiter det på side 11:

*Bestemmelsen åpner for en bred, skjønnsmessig vurdering av om tjenestemannen har en slik tilknytning til saken eller partene at tilliten til at hun eller han vil behandle saken på en nøytral måte kan bli svekket. Dersom tjenestemannen har flere former for tilknytning til saken eller partene, må disse vurderes samlet. Ved denne vurderingen skal det blant annet legges vekt på om avgjørelsen vil innebære en «særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til». Det har også betydning om en part i saken har reist inhabilitetsinnsigelse, det vil si påstått at tjenestemannen er inhabil.*

### **Konsekvensar av at du er inhabil:**

Veilederen side 7:

*En som er inhabil må avstå fra å «tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltningssak».*

*Med tilrettelegging siktes det til arbeidet med å utrede eller forberede saken.*

*Man kan grovt sett si at den saksbehandlingen som skjer i forkant av at en avgjørelse*

fattes, er å tilrettelegge saken.

*Begrepet avgjørelse skal forstås vidt. Begrepet er ikke definert i forvaltningsloven, men favner videre enn vedtaksbegrepet slik det er definert i forvaltningsloven § 2 første ledd bokstav a. Beslutninger som ledd i alle typer forvaltningsvirksomhet, blant annet privatrettslige avgjørelser om innkjøp og beslutninger knyttet til det offentliges service- og tjenesteytelser, er omfattet. Avgjørelsesbegrepet kan også omfatte beslutninger som ledd i den løpende saksbehandlingen, for eksempel om innsyn i sakens dokumenter, og det å avgi uttalelser, retningslinjer, utredninger mv. dersom de er ment å være autoritative eller få betydning for andres saksbehandling. Også rene unnlaterelser kan i visse tilfeller være avgjørelser.*

**Eg vonar at dette skrivet kan vere rettleiande og medføre debatt internt. Det å drøfte mulige inhabilitetssituasjonar hjelper oss til å vere vakne og merksame. Det å ta inhabilitetsproblematikk på alvor vil styrke administrasjonen sitt omdømme hos innbygarane.**

**Lykke til!**

Med helsing



Tone Roaldsnes  
administrasjonssjef